

Hamre

HAMRE PRESTEGJELD

HAMRE prestegjeld, eller HAMARR, var frå mellomalderen eitt av dei største på Vestlandet. Det strekte seg frå Sandviken ved Bergen og heilt til Modalen og Eksingedalen. I 1622 vart heile prestegjeldet lagt under rektoratet ved Bergen latinskule, for å sikra større løn til rektoren. Han skulle såleis vera sokneprest til Hamre, samstundes som han var styrar av latinskulen og måtte halda «tvende duelige og gudfrøytige Capelane» for å dekkja prestenesta i dette store distriktet. Denne ordninga stod ved lag fram til 1749. Då vart «Hamres Kald i henseende til dets Vidløftighed», delt i to: Hamre prestegjeld skulle femna om Hamre, Meland og Alversund kyrkjer og Åsane kapell, medan Hosanger omfatta Hosanger og Seims kyrkjer, saman med Mo og Flatekval kapell. Til kvart kall høyrde 10-12 såkalla mensalgardar, som skulle sikra presten levemåten.



HAMRE KYRKJE bar etter alt å dømma vore ei av dei fire fjordungs-kyrkjene i Hordafylke i mellomalderen. Hamre var hovudkyrkje for beile Nordhordland. Bygningsrestar i den noverande tømmerkyrkja syner at det stod ei stavkyrkje ber i mellomalderen.

Stavkyrkja måtte vika då den kyrkja som står i dag vart bygd, truleg i første halvdel av 1600-åra. Denne kyrkja er ei stor langkyrkje, med to smale utbygg på langveggene; kanskje påemna krossarmar. I vest står det eit høgt tårn, bygt i ein stavkonstruksjon, medan resten av kyrkja er tømra. Den utvendige trekledningen er tjørebreidd, og Hamre er ei av dei mest autentiske av dei tømmerkyrkjene som avløyste stavkyrkjene etter reformasjonen.

Interiøret er påkosta med dekor og inventar. Midtpartiet av det seinmellomalderlege alterskapet heng i skipet. Truleg er dette eit nordtysk arbeid kring 1500. Preikestolen er frå 1640, eit sentralt arbeid i den vestnorske «bruskbarokken». I koretaket, som er måla i 1653, ser vi framstilt: «Speiderne i Kanaan», «Jakobs drøm», «Abrahams offer» og «Samson sønderslider en ung Løve». Også skipet har vore rikt dekorert. Det som er att av denne prydmålinga, vart avdekka og restaurert i 1949.



I koret finn vi også den mellomalderlege døypefonten av kleberstein, og kopiar av ein bispestol frå 1690-åra og ein mellomalderleg korstol (originalen er i Historisk Museum i Bergen).

I tårnfoten står den gamle kyrkjedøra frå 1585, og på veggen heng det ein planke frå ein veggfast benk i koret. Planken har to runeinnskrifter; den eine lyder slik:

«Her nedanfor kviler jomfru Margareta. Be Pater Noster for sjela hennar.» □

T.v.: Altartavla, frå 1622, ber lensherre Knud Gyldenstjerne og hustru Sophia Lindenow sine våpen og initialar måla på fotstykket, «predella». Altartavla er prydd med utsøkt renessansedekor; eit hovudarbeid på Vestlandet. Vengene har såkalla «kartusjverk» med beslagornamentikk; medan flatskurdrankar pryder midtpartiet (⑤129).

KEISARENS MYNT PÅ RAKNES

Korleis kan det ha seg at ein sølvdenar, slegen i Romarriket under keisar ANTONIUS PIUS, ein gong mellom år 136 og 161, hamna i jorda på Osterøy? For nett ein slik mynt var det som vart oppgraven i 1909, 70 alen søraust for loa på bruk nr. 3 på Raknes. Vi veit ikkje om han kjem frå ei grav, men det vart oppdaga kol og trerestar på staden, fortalde finnaren som leverte mynten inn til Bergen Museum.

Sølvdenarar frå keisartida er sjeldsynte funn i vårt land. Vi kjenner berre 6 stykke, og dette er den einaste i Hordaland. Den romerske sogeskrivaren Tacitus, som døydd kring år 120, fortel at romarane gav gaver til germanarhovdingar for å halda seg på venskapleg fot med dei. Han fortel vidare at germanane likte sølvmyntar betre enn gullmyntar. No tykkjest funna syna at dei etter kvart må ha kome på andre tankar, for på 300-talet dominerer gullmyntane i funn frå germansk område. Det er langt frå Roma til Osterøy. Vår sølvdenar må ha gått gjennom mange hender, både til romerske embetsmenn og germanske hovdingar, før han enda vandra si på Raknes. Mynten er i røynda noko mindre enn eit kronestykke.

